

Blom Fiskeoppdrett AS

5337 RONG

Dato: 12.01.2018

Vår ref.: 2017/17773-6

Saksbehandlar: Endre Korsøen

Telefon: 917 64 632

Blom Fiskeoppdrett AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11652 Kjeppvikholmen i Meland kommune

Vi syner til Dykkar søknad av 13.12.2017, kor det vert søkt om lenging løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11652 Kjeppvikholmen i Meland kommune.

Vedtak

Blom Fiskeoppdrett AS, org.nr. 840215512, med akvakulturløyva H-L-19, H-ML-1, H-R-8, H-ØN-4 og H-ØN-36, får med dette løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeare (*Oncorhynchus mykiss*) på følgjande lokalitet i Meland kommune:

Lokalitetsnr.	Lokalitetsnavn	Kommune	MTB
11652	Kjeppvikholmen	Meland	2340 tonn

Løyve gjeld for ei anleggsplassering som vist i vedlagte kart og som har følgjande koordinatfesta posisjonar i grader og desimalminuttar (Kartdatum Euref 89/WGS84)

Midtpunkt	1	2	3	4	5	6
N 60° 32.570'	N 60°32.553'	N 60°32.508'	N 60°32.592'	N 60°32.637'	N60°32.621'	N60°32.612'
Ø 5° 02.268'	Ø 5° 02.437'	Ø 5° 02.378'	Ø 5° 02.093'	Ø 5° 02.155'	Ø 5°02.318'	Ø 5°02.346'

Lokaliteten er med dette klarert for følgjande akvakulturløyve:

H-L-19, H-ML-1, H-R-8, H-ØN-4 og H-ØN-36

Kvart av løyva omfattar ei maksimal tillaten biomasse (MTB) på 780 tonn. Løyvet med reg.nr. H-ØN-36 er eit løyve for oppdrett av matfisk av laks og aure til visningsføremål og er avgrensa til 500 tonn MTB. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

Lokalitetsbiomassen skal ikkje på noko tidspunkt overskride 2340 tonn MTB.

Dette løyve erstattar tidlegare lokalitetsklarering for 11652 Kjeppvikholmen av 22.10.2015.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

BAKGRUNN OG SAKSGANG

Om søknaden

Blom Fiskeoppdrett AS søkte 13.12.2017 om lenging av løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11652 Kjepevikholmen i Meland kommune.

Bakgrunnen for søknaden er at Hordaland fylkeskommune i vedtak av 22.10.2015 gav tidsavgrensa løyve for ein produksjonssyklus gjeldande fram til 28.02.2018. Dette var mellom anna ei vidare oppfølging av vedtak etter forureiningslova gjort av Fylkesmannen i Hordaland 01.10.2015.

Hordaland fylkeskommune vurderte det slik at den planlagde flyttinga kunne gje betre driftstilhøve, men at det var trong for erfaringsdata som syner at den nye lokaliseringa gjev betre miljøtilhøve enn kva tilfellet var på den gamle lokaliseringa. Løyvet vert difor gjeve mellombels med mogleg forlenging om MOM-undersøkingane syner at det er forsvarleg og at drifta på lokaliteten er innafor bæreevna.

Miljødokumentasjon og framlegg til avbøtande tiltak er vedlagt søknaden.

Sektorstyresmaktene og kommunen si handsaming

Denne søknaden gjeld endringar i løyve etter akvakulturlova og forureiningslova. Søknaden vart send til vurdering hos Fylkesmannen i Hordaland. Då lokalitetane er tidlegare klarert jf. løyve datert 22.10.2015, og det ikkje er søkt om endring i bruk av areal eller biomasse er ikkje søknaden send til Mattilsynet, Fiskeridirektoratet Region Vest, Kystverket Vest eller Meland kommune for handsaming.

Søknaden er handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga 09.01.2018. Med heimel i forureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11, 16 har Fylkesmannen i Hordaland gjeve løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 2340 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokalitet Kjepevikholmen i Meland kommune med krav om neste MOM C-gransking ved maksimal belastning i 2019.

GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som er gjeve i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
 - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
 - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
 - 3. *annen bruk av området, og*
 - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
 - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
 - 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
 - 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
 - 4. *lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann, og*
 - 5. *lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd; og*
- d) *det ikke er i strid med*
 - 1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven,*
 - 2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
 - 3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

Når det gjeld vurderingar i forhold til avveging av arealinteresser, vurderingar i høve til løyve etter anna lovverk og vurderingar i forhold til om tiltaket er i strid med vedtekte arealplanar og vernetiltak er dette gjort i tidlegare vedtak om lokalitetsklarering av 22.10.2015. Det same gjeld i høve til om tiltaket er miljømessig forsvarleg med omsyn til biologisk mangfald og økologiske effektar. Då det ikkje skjer endringar i arealbruk eller produksjon er det ikkje trong for ny vurdering av desse punkta.

Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslepp til luft og vatn er også vurdert av Fylkesmannen i Hordaland som har gjeve nytt utsleppsløyve til eksisterande lokalitetsbiomassen etter forureiningslova.

Miljødokumentasjonen som ligg ved søknaden syner at flyttinga av anlegget ikkje har ført til særleg betring på skåren på MOM B granskinga når ein tar med i vurderinga at produksjonen etter flytting har vore lågare. Den nye plassering av anlegget har ført til at lokaliteten ser ut til å ha betre evne til å ta seg inn att, nok som ikkje var tilfelle slik anlegget låg tidlegare.

Framover skal miljøtilstanden på lokaliteten følgjast opp gjennom MOM B og MOM C granskar etter NS 9410.

I søknaden vert det skissert fleire avbøtande tiltak som vil bli følgd opp, og som verksemda vil ha fokus på framover for å sikre lågare miljøbelastning.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta §30a. Lokalitetsvurderinga har, tidlegare, på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet. Den samla belastninga på naturmiljøet blir uendra.

Etter ei samla vurdering, etter Lov om akvakultur 17.06.2005 nr. 79, gjev Hordaland fylkeskommune Blom Fiskeoppdrett AS, org.nr. 840215512, med akvakulturløyva H-L-19, H-ML-1, H-R-8, H-ØN-4 og H-ØN-36, løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeare (*Oncorhynchus mykiss*) på Kjeppvikholmen i Meland kommune.

Generelle vilkår

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser og i samsvar med godkjente koordinatar for anlegget sine ytterpunkt.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom-eller andre privatrettslege forhold.
- Løyve vert gjeve med føresetnad av at etablering, drift og eventuell avvikling vert gjennomført i samsvar med til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter og vilkår.
- Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova. Akvakulturloven med tilhørende forskrifter er tilgjengelig på www.lovdata.no.

Anna

Hordaland fylkeskommune viser til kravet i § 35 i forskrift av 17.06.2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg når det gjeld miljøovervaking og rapportering av miljøundersøkingar til myndigheitene. Vi ber om at miljøundersøkingar blir sendt til myndigheitene via Altinn.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på. I medhald av forvaltningsloven § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til utsett iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å søke om at iverksetting vert utsatt til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Hordaland 09.01.2018

Uttale frå Mattilsynet Sør og Vest 29.07.2015

Løyve frå Kystverket Vest 17.08.2015

Kart over godkjent plassering

Klageskjema

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland

Fiskeridirektoratet Region Vest

Mattilsynet avdeling Sør og Vest


Kystverket Vest

Meland kommune


H-L-19, H-ML-1, H-R-8, H-ØN-4 og H-ØN-36

Blom Fiskeoppdrett AS

Lokalitet 11652 Kjeppvikholmen



11652 Kjeppvikholmen - Klarerte ytterpunkt




Målestokk: 1:10 000

Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]




Fortøyingsposisjonar - anlegg

Punkt/Line	START		SLUTT	
	Breddegr.	Lengdegr.	Breddegr.	Lengdegr.
Strømmåler 1	60°32,611	05°02,273		
Strømmåler 2	-	-		
Midtpunkt	60°32,570	05°02,268		
NV	60°32,637	05°02,155		
NØ	60°32,553	05°02,437		
SØ	60°32,508	05°02,378		
SV	60°32,592	05°02,093		
N1	60°32,637	05°02,155	60°32,749	05°02,295
N2	60°32,637	05°02,155	60°32,744	05°02,311
N3	60°32,609	05°02,249	60°32,809	05°02,512
N4	60°32,581	05°02,342	60°32,804	05°02,642
N5	60°32,553	05°02,437	60°32,700	05°02,639
Ø1	60°32,553	05°02,437	60°32,476	05°02,895
Ø2	60°32,508	05°02,378	60°32,342	05°02,664
S1	60°32,508	05°02,378	60°32,356	05°02,178
S2	60°32,536	05°02,282	60°32,393	05°02,084
S3	60°32,564	05°02,188	60°32,425	05°01,998
S4	60°32,592	05°02,093	60°32,452	05°01,907
V1	60°32,592	05°02,093	60°32,724	05°01,677
V2	60°32,637	05°02,155	60°32,759	05°01,738

Fortøyingsposisjonar - flåte

Punkt/Line	START		SLUTT	
	Breddegr.	Lengdegr.	Breddegr.	Lengdegr.
Midtpunkt	60°32,613	05°02,327		
NV	60°32,621	05°02,318		
NØ	60°32,612	05°02,346		
SØ	60°32,605	05°02,335		
SV	60°32,614	05°02,308		
F.N1	60°32,621	05°02,318	60°32,797	05°02,543
F.N2	60°32,612	05°02,346	60°32,794	05°02,583
F.Ø1	60°32,612	05°02,346	60°32,579	05°02,544
F.Ø2	60°32,605	05°02,335	60°32,463	05°02,620
F.S1	60°32,605	05°02,335	60°32,346	05°02,223
F.S2	60°32,614	05°02,308	60°32,457	05°01,874
F.V1	60°32,614	05°02,308	60°32,724	05°01,677
F.V2	60°32,621	05°02,318	60°32,759	05°01,738



1	Ny layout	JRL
Kon	Gulder	
BLOM FISKEOPPRETT AS Kjeppvikholmen, Meland kommune Oppdrettsanlegg m/fortøyning ANLEGGSSKISSE		
Utarbeidet av: BLOM FISKEOPPRETT AS Oppdrettsanlegg Ingvig Karlstein Josee Ricardo Lopez		
Målestokk: AS - 1 : 3.000		
Utarbeidet av: BLOM FISKEOPPRETT AS Oppdrettsanlegg		
BLOM FISKEOPPRETT AS AKVASAFE AS		
Prosjekt nr: 1027		Arkiv: A 104
Side: 9		Totalt: 1

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) Dato: 12.01.2018
(3) Mottakar (namn og adresse) Blom Fiskeoppdrett AS 5337 Rong	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet, Kyst- og havbruksavdelinga Postboks185 Sentrum 5804 BERGEN
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.	
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
ven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevjegrunggeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunggeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunggeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunggevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve